

REFERAT FRÅ MØTE I FAU VED MARVIK SKULE

Tid: Onsdag 29.november på Marvik skule

Kl.: 18.00 – 20.00

Til stades: 1.kl: Liv Jorunn Øvrebø
2.kl: forfall
3.kl: Morten Bakken
4.kl: Jorunn Kalvik
5.kl: Sverre Østebø
6.kl: Nina Østebø
7.kl: Anita Øvrebø

Rektor – Ingrid Schibeavaag

Sak 6/17-18: Godkjenning av sakliste og referat frå førre møte, evt oppfølging av saker

- Sverre Østebø vart vald til **medlem i SU** – me valde ikkje 2.vara, FAU meiner det er greit med 1 vara.
- Morten orienterte om **møte i KFU**. Dei var ikkje nok representantar til å konstituere seg, så det vert nytt møte den 8.1.18.
- **Skulegenser** – Fau vedtok i vår at elevane kan få kjøpa skulegensrar dette skuleåret, og i ettertid vart det stilt spørsmål om dette kunne føre til kjøpepress? Me tok ein runde på dette i møtet der alle fekk seia kva dei meinte og kva tilbakemeldingar dei hadde fått i frå føresette. Nokre føresette føler nok litt kjøpepress, mens andre syns ikkje at det er noko problem. Konklusjonen vart at dette ikkje er noko stort problem. Rektor informerte om at det var 11 av 29 elevar som hadde bestilt skulegenser.
- **Sykkelkvelden** vart eit vellukka arrangement.
- **Brev til TINE** – dette vert følgd opp i neste møte då Annette Hebnes ikkje var til stades.

Sak 7/17-18: Orientering frå rektor

- **Læringsmiljø og mobbing** (*fast sak på kvart møte*)
Læringsmiljøet i alle klassane er bra og det er ikkje mobbing. 6.-7.klasse hadde noko uro i klassen starten av skuleåret, men etter haustferien har dette gått seg til og det går bra no.
- **Lærarressursar og personale dette skuleåret**
Det har vore ei stor utfordring å få tak i vikarar med lærarutdanning. Stillinga(ne) har vore utlyst 2 gonger med svært få søkjarar. Ein søkjar fekk tilbod, men vedkomande takka nei. No er situasjonen slik at rektor tek ein del av timane i basisfaga, Anne M. Høie har fått ein større stilling og Annette Hebnes er vikar i ein del av timane. Rektor jobbar vidare med å få tak i lærarutdanna vikar. FAU er opptekne av at det faglege vert godt ivareteke, særskilt for dei elevane som treng ekstra oppfølging, og tek orienteringa til vitande. FAU ønskjer å understreke at me støttar rektor i dette

arbeidet, men vil sende eit brev til kommunalsjef for oppvekst v/rådmannen, der me ber om at det vert betre planlegging og rekruttering i framtida.

- **Fruktordning** – skulen er ikkje nøgd med fruktordninga gjennom skolefrukt.no. Dette går stort sett på logistikken i samband med leveringa, noko som gjer at frukta vert liggjande for lenge før elevane får ho. Kvalitet og variasjone er i utgangspunktet bra. FAU ønskjer å forsøke å få ei fruktorning med Joker Vatlandsvåg, i frå januar 2018, og leiar tek kontakt med Helge Naustvik om dette.

Sak 8/17-18: Skuleruta 2018/19

Forslag til skulerute for 2018/2019 vart sendt ut på førehand og det var inga merknader til denne.

Sak 9/17-18: Storforeldremøte

- **Skal me ha storforeldremøte før påske og kva tema skal me eventuelt ha?**
Storforeldremøte – FAU ønskjer å ha eit foreldremøte med elevar før påske, med nettvett som tema. Leiar undersøker kven me kan invitera til å koma å seia noko om dette.

Sak 10/17-18: Ymse

- **Juleavslutning** – FAU har oppgåva med å koka kaffi. Skulen tek seg av resten.
- **Skulebussen** – Skulebussen stoppar no ved kapellet og elevane går derifrå og opp til skulen, og ned til kapellet ved skuleslutt. Rektor har fått beskjed om at dette er på grunn av at brua ikkje er dimensjonert for køyretøy med akseltrykk over 7 tonn. Rektor informerte FAU om diverse korrespondanse mellom skulen, Kolumbus og kommunen v/ordføraren. Viss det er slik at bussen helst ikkje bør køyre, verken på veggen i frå Solland til skulen, eller over brua, ønskjer FAU at Kolumbus set inn ein mindre buss i frå Solland til skulen. Rektor følgjer opp saka vidare.
- **SFO-vedtekter** – FAU meiner at det bør leggjast til rette for at det skal gå an å bestilla 1 dag SFO som fast ordning, og at prisen for dette vert rimelegare enn for full tid.